

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



Møtedato: 22.juni 2007
Stad: Hemsedal, Skarsnuten Hotell

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Harald Aagaard,	Hol kommune
Tore Bøygard,	Ål kommune
Jan Halvard Brekko,	Gol kommune
Audun Aasheim,	Nes kommune
Hans Bekken,	Flå kommune

Forfall: Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Frå Buskerud fylkeskommune deltok fylkeskontakt Dag Stenersen og regionkontakt Terje Moen.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

SAK 28/07 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 25.5.2007

Vedtak

Møteprotokoll 25. mai 2007 vart vedteke.

SAK 29/07 ARKITEKTKONKURRANSE, FRAMTIDAS HYTTE I NORSKE FJELLBYGDER

Vedtak

- Regionrådet for Hallingdal tek initiativ til ei ny arkitektkonkurranse om framtidas hytter i norske fjellbygder, vel 40 år etter Ål kommune si vellykka konkurranse i 1966. I tillegg til dei arkitektoniske utfordringane og mogelegheitene vil miljø- og energiaspektet vera viktige moment.
- Regionrådet for Hallingdal utfordrar Norske arkitekters landsforbund, Enova og event. andre til å vera med å utforme konkurransevilkåra og som deltakarar i prosjektet.
- Regionrådet for Hallingdal utfordrar Miljøverndepartementet/ Kommunal- og regionaldepartementet til å vera med som aktiv bidragsytar i prosjektet.
- I tillegg til sjølve arkitektkonkurransen har prosjektet som mål å skapa merksemd og debatt.
- Dagleg leiar skal til neste møte i Regionrådet leggja fram endeleg forslag til arkitektkonkurranse.

SAK 30/07 SØKNAD OM TILSKOT TIL PROSJEKT; "UNGDOM I EN TURISTDESTINASJON"

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot på kr. 200.000,- til felles forskingsprosjekt for Hol og Hemsedal kommune, der føremålet er å gjennomføre ei studie i forhold til ungdom sine oppvekstforhold, på ein stad som kan kallast ein typisk turistdestinasjon.

2. Endeleg rapport skal distribuerast i 30 eks. til dei 4 kommunane i Hallingdal som ikkje er direkte involvert i prosjektet.
3. Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2007.

SAK 31/07 SØKNAD OM TILSKOT, HALLINGMO

Vedtak med 3 mot 2 røyster

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot til 3-årig prosjekt for utvikling av Hallingmo. Det blir løyvd kr. 150.000 pr. år.
2. Løyving for tredje året blir løyvd etter handsaming av framlagt evalueringsrapport. Kriterium som det skal leggjast vekt på er regional betydning, involvering og engasjement.
3. Tilskotet for dei to fyrste åra på totalt kr. 300.000, - blir finansiert av regionalt næringsfond.
4. Regionrådet for Hallingdal ser det som ein stor fordel at styringsgruppa for Hallingmo blir representert både frå Regionrådet og idretten på krettsnivå.
5. Ut frå intensjonane om Hallingmo som eit samfunnsbyggjande prosjekt med regional status, bør det og leggjast opp til ein prosess der Hallingdal er ein reell aktør som blir høyrtd, fyrst og fremst i forhold til idretten og det politiske samarbeidet.

SAK 32/07 SØKNAD OM TILSKOT TIL STUDIETILBOD VED NTG GEILO

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot til etablering høgskulestudium i økonomi ved Norges Toppidrettsgymnas (NTG), Geilo frå hausten 2007. Det blir løyvd kr. 80.000, - til Høgskolen i Buskerud (HiBu) til oppstart av studiet.
2. I tillegg blir det løyvd inntil kr. 120.000,- for 2 år, som garanti ved for få studentar. Tilskotsbeløpet blir avrekna med utgangspunkt 8 studentar pr. semester og kr. 5000, - i tilskot pr. student færre enn dette.
3. Tilskotet blir finansiert av parterskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2007.

SAK 33/07 SØKNAD OM TILSKOT; STUDENTEN SOM RESSURS

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vil i denne omgang ikkje rå til at det blir løyvd midlar til prosjektet "Student som ressurs".
2. Regionrådet for Hallingdal ynskjer å vurdere dei rekrutterings- og entreprenørskapsprosjekt Regionrådet er involvert i, før det blir sett i gang nye prosjekt. Årsaka til dette er fyrst og fremst for å få ei meir samla prioritering av tiltak, ut frå dei utfordringar Hallingdal har.
3. Regionrådet for Hallingdal vil ta initiativ til ei samling med partar som er engasjert i rekrutterings- og entreprenørskap, for å få fram synspunkt i forhold til framtidige prioriteringar.

SAK 34/07 KARRIERESENTER FOR HALLINGDAL

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at karrieresenter for Hallingdal blir etablert frå 1.1.2008, med ein prosjektperiode på 3 år.
2. Prioriterte arbeidsoppgåver må m.a. vera arbeid for redusere fråfall i vidaregåande opplæring og betra samarbeid mellom utdanningssystem og arbeidsliv.

3. Regionrådet føreset at Buskerud fylkeskomme står som prosjekteigar.
4. Regionrådet legg til grunn at NAV engasjerar seg i kompetansesenteret f.o.m. 1.1.2009, som ein likeverdig part på linje med Buskerud fylkeskommune og kommunane i Hallingdal, også i forhold finansiering av karrieresenteret.
5. Regionrådet legg til grunn at det er utarbeida avtale med NAV før etablering av karrieresenteret.
6. Regionrådet for Hallingdal vil ta initiativ overfor næringslivet ved HallingExpo, for å få dei aktivt med i karrieresenteret.
7. Det må fram til etablering av senteret arbeidast aktivt for å få på plass partnerskapsavtaler med relevante aktørar.
8. Regionrådet rår kommunane i Hallingdal til å vera med på slik finansiering:
 - Dekning av utgifter 2008 med 50% av kostnadane, med ei øvre ramme på kr. 790.000.
 - Dekning av utgifter 2009 med inntil 1/3 av kostnadane, med ei øvre ramme på kr. 500.000.
 - Dekning av utgifter 2010 med inntil 1/3 av kostnadane, med ei øvre ramme på kr. 400.000.Kommunane si økonomiske deltaking vil kunne bli vurdert ut frå sentrale føringar som blir gjevne.
9. Det er lagt til grunn ei fordeling av kostnader med 30% i forhold til deltakande kommunar og 70 % i forhold til folketal.
10. Regionrådet legg til grunn at det blir etablert eit prosjektstyre for karrieresenteret med representantar frå Buskerud fylkeskommune, kommunane i Hallingdal, NAV Buskerud og eventuelt næringslivet i Hallingdal.
11. Regionrådet rår til at karrieresenteret bli lokalisert i Hallingdal Næringshage for 2008, men at prosjektstyre vurderar lokalisering frå 1.1.2009, etter at NAV er kome inn som fullverdig part.

SAK 35/07 ATFERDSPROBLEMATIKK I GRUNNSKULA – 3 ÅRIG REGIONALT PROSJEKT

Vedtak

Regionrådet ser positivt på innspel frå dei De skolefaglege ansvarlege i Hallingdal (notat 23.5.2007), og reknar med at Rådmannsutvalet arbeidar vidare med saka.

SAK 36/07 EVENTUELT

Prosjektlear Annelin Henriksen orienterte om Noregs Friluftshøgskole.

Ål 22.6.2007

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar